

UTSKRIFT AV MØTEBOK

RADØY FORMANNSKAP

i møte den 28.03.95

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande vararepr. medrekna)

46/95 REFUSJONSKRAV VEDK. BUSTADTOMT PÅ GNR. 77, BNR 2 AV SOLHEIM

Planutvalet vedtok i møte 04.10.94, sak 15/94, å gje dispensasjon frå frådelingsforbodet i kommuneplanen sitt LNF NEI-område for ei bustadtomt på gnr. 77, bnr. 2 av Solheim. Tomta ligg inntil bustadfeltet i Austmarka, og eigar er Gro og Einar Borgund. Bygningsrådet godkjende bustadtomta i møte 16.11.94, sak 111/94, og godkjende også tilknytning til dei kommunaltekniske anlegg i bustadfeltet under føresetnad av at søkjaren sjølv kostar og opparbeider veg frå reguleringsveg og vatn- og kloakkledning frå kommunalt nett fram til eiga tomt. Arbeidet må skje i samråd med teknisk kontor. Tomta bør også verta tilknytta det kabelanlegget som er i bustadfeltet. Dei endringar som må gjerast i reguleringsplanen, ser bygningsrådet på som mindre vesentlege, og at dei såleis kan vedtakast i samsvar med § 28-1, pkt. 2 i plan- og bygningslova. Teknisk sjef vart beden om å koma med utgreiing om og framlegg til kva refusjon tomteeigar skal betala for tilknytning til veg, vatn og kloakk.

Teknisk sjef sine merknader vedk. fastsetjing av refusjonskrav: For tomtene i Austmarka III N er det fastsett tomteprisar inkl. tilretteleggingskostnader, og tomteprisane er også fastsett etter "tomtekvalliteten".

I Austmarka III er refusjon for tilrettelegging sett til kr 56,- pr. m² og med kabelanlegg til kr. 6.000,-. Reknar ein då med ei gjennomsnittstomt på 950 m² vil refusjonskostnaden verta omlag kr. 60.000,- inkl. kabel. I tillegg til dette kjem då tilknytningsavgifter for vatn- og kloakk.

Tomtene i Austmarka vert no selde med 50 % avslag og ein refusjonane vert då omlag kr. 30.000,-. Med dette som grunnlag vil eg rå til at det vert kravd ein refusjon på kr. 30.000,- for å knyta seg til dei kommunaltekniske anlegg i bustadfeltet.

Bygningsrådet vedtok i møte 14.12.94, sak 138/94, den endelege godkjenning og frådeling av bustadtomta og den nødvendige planendring for tilkomstveg til tomta.

Bygningsrådet har i same sak rådd til følgjande refusjonskrav:

- a) Tomta betalar kr. 30.000,- i refusjon for å knyta seg til dei kommunaltekniske anlegg i bustadfeltet. Dette gjeld veg, vatn, kloakk og kabelanlegg. I tillegg kjem tilknytningsavgifter for vatn- og kloakk.
- b) Tomteeigaren må sjølv utføra og bera kostnaden med opparbeiding av veg, vatn- og kloakkledning, kabelgrøft frå tilknytningspunkt i bustadfeltet og fram til bustadtomt

- c) Refusjonskravet vert å betala så snart tomta er frådelt, Tilknytningsavgift vert å betala i samband med godkjenning av byggemelding på tomta.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen har for sin del ikkje noko å merkja til tilrådinga frå bygningsrådet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


Refusjonskrav m.v. for tilknytning til kommunaltekniske anlegg for bustadtomt på gn. 77, bnr. 2 av Solheim, vert fastsett i samsvar med tilrådinga frå bygningsrådet, vedteken i møte 14.12.94, sak 138/94.

Vedtak:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rett utskrift:

Radøy formannskapskontor, 03.04.1995.


Eli Morken
e.f.

Går til: Bygningsrådet

Kopi til: Gro og Einar Borgund, 5120 MANGER
Økonomikontoret
Revisjonen